

## NOTAT

**Til:** Kultur- og ressursutvalet

**Dato:**  
17.03.2014

**Frå:** Fylkesrådmann

**Kopi til:**

**Arkivnr.:**

### TILLEGG TIL SAK OM STATLEG SIKRING AV FRILUFTSOMRÅDE 2014

Miljødirektoratet har for 2014 ikkje fått tilstrekkeleg mengde søknader knytta til post 78 sikring av friluftsområde. Såleis har Miljødirektoratet opna for løpande sakshandsaminga av tilleggssøknader på ordninga for 2014.

Som vedlegg til sak nr. 2014/1126 om statleg sikring av friluftsområde 2014 vert det lagt fram to tilleggssøknader frå Friluftsrådet Vest om midlar til tilrettelegging av områda Ådlandsvatnet i Stord kommune og Teløy i Fitjar kommune.

Hordaland fylkeskommune forvaltar ein eigen tilskotsordning som gjeld tilrettelegging av statleg sikra friluftsområde. I tillegg til dette kan Miljødirektoratet tildele midlar til grunnleggjande tilrettelegging som del av avgjerda om statleg sikring av området. Ved dette høvet er det siste alternativ som er aktuelt, og saka må såleis fremjast i samband med framlegget om statleg sikring, med nytt forslag til vedtak.

Bakgrunnen for at søknadene vert fremja er at Miljødirektoratet har opna for nye søknader eller tillegg til eksisterande søknader etter utløpet av opphavleg frist den 15. januar 2014. Dette skuldast ein reduksjon i talet på søknader på landsbasis for 2014 og at det av den grunn er tilgjengeleg ytterlegare midlar til føremålet.

Det er kome inn tilleggssøknad frå Friluftsrådet Vest knytt til søknaden om sikring av områda ved Ådlandsvatnet i Stord kommune og Teløy i Fitjar kommune. Begge søknadene gjeld tilretteleggingstiltak for ålmenta på dei to stadene.

#### 1. Ådlandsvatnet

Friluftsrådet Vest har søkt om midlar til Statleg sikring. Søknaden gjeld deler av gnr. 27 bnr 1, gnr 27 bnr 211, gnr 37 bnr 1, gnr 37 bnr 3, gnr 36 bnr 1, gnr 29 bnr 21 og 29 i Stord kommune. I tilleggssøknad er det søkt om kr. 1.425.000 til tilrettelegging av området som er søkt sikra.

Tilretteleggingstiltaka gjeld:

Opparbeiding av parkeringsplass	kr. 125.000
Turveg	kr. 1.000.000
Badeplass, bord/benker, grillplass ,markarbeid, rydding av veg. m.m.	kr. 300.000
Samla	kr. 1.425.000
<b>Søkesum</b>	<b>kr. 1.425.000</b>

## 2. Teløy

Friluftsrådet Vest har søkt om midlar til statleg sikring av gnr. 14 bnr 30 i Fitjar kommune. Søknaden gjeld statleg servituttsikring med 100 prosent. I tilleggssøknaden vert det søkt om ytterlegare kr. 300.000 til tilrettelegging. Kostnaden fordeler seg som følgjer:

Bryggje for ilandstiging	kr. 200.000
Toalett	kr. 100.000
Badeplass, bord/benker, grillplass, markarbeid, rydding av vegetasjon m.m.	kr. 300.000
Samla	kr. 300.000
<b>Søkesum</b>	<b>kr. 300.000</b>

### Vurdering:

I sak om statleg sikring av friluftsområde for 2014 har fylkesrådmannen lagt til grunn at vilkåra for sikring er oppfylte. I dette ligg også at vilkåra for tilrettelegging i tilknytning til sikringsvedtaket er stetta. Fylkesrådmannen vurderer tiltaka som viktige og vil tilrå at søknadene vert tekne til følgje fullt ut. Når det gjeld prioriteringa mellom områda vert det tilrådd at same prioriteringsrekkefølge som i hovudsaka om statleg sikring av friluftsområde, med Ådlandsvatnet på topp.

Bergen- og Omland friluftsråd har sendt inn ytterlegare to søknader den 17.03.2014 og det kan kome fleire saker om sikring i 2014. Som følgje av at Miljødirektoratet har opna for løpande handsaming av desse sakene, vil fylkesrådmannen be Kultur- og ressursutvalet om delegert mynde til å gjere vedtak om innstilling i saker om statleg sikring av friluftsområde for resten av 2014. Innmelde saker og eventuell tildeling vil verte meldt til Kultur- og ressursutvalet.

I saksframlegg til statleg sikring av friluftsområde for 2014 er søknader om tilrettelegging og spørsmål om delegasjon ikkje teke opp. Fylkesrådmannen legg difor fram eit korrigert forslag til vedtak om innstilling.

### KORRIGERT FORSLAG TIL VEDTAK

Kultur- og ressursutvalet tilrår at Miljødirektoratet gjer vedtak om midlar til sikring og tilrettelegging av friluftsområde i følgjande prioriterte rekkefølge:

1. Ådlandsvatnet, gnr. 27 bnr 1 og 211, gnr 37 bnr 1 og 3, gnr 36 bnr 1, gnr 29 bnr 21 og 29 i Stord kommune. Friluftsrådet Vest vert tildelt kr 200.000 til sikring og kr 1.425.000 til ytterlegare tilrettelegging av området.
2. Arvikane gnr. 131, bnr 19 i Austrheim kommune. Bergen og Omland friluftsråd vert tildelt kr 75.200 til sikring av område.
3. Teløy gnr.14 bnr 30 i Fitjar kommune. Friluftsrådet Vest vert tildelt kr 317.500 til sikring og kr 300.000 til ytterlegare tilrettelegging av området.
4. Kultur- og ressursutvalet gjev fylkesrådmannen mynde til å gjere vedtak om innstilling til Miljødirektoratet i saker om statleg sikring av friluftsområde for resten av 2014.